

Arkivnr: 2016/1343-68

Saksbehandlar: Stein Ottosen, Roald Landøy, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		26.04.2017

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2017**Samandrag**

Fartøy utgjør ein viktig del av den norske kulturarven, og Hordaland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for fartøyvern er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp under dette arbeidet. Halvparten av midlane er løyva av Hordaland fylkeskommune og resten av Riksantikvaren.

Målgruppa har vore eigarar av fartøy som har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren. Berre i få tilfelle vert det gitt tilskot som monnar i høve til totalkostnaden til tiltaket. Det er kome inn 26 søknader. Av desse har tilråd administrasjonen at 25 fartøy får tilskot, medan 1 får avslag. Den samla søknadssummen er kr 7 583 913, medan budsjettposten er på kr 1 720 000.

Generelt	
Budsjett 2017 = 1.680.000 + 40.000 (overført 2016)	1.720.000
Søknadsfrist for tildeling	1. november 2016
Vedtaks kriteria	Retningsliner fastsett av KIRU 14.09.2016, sak 113/16
Informasjon om ordninga	Nettstad og utlysing i trykte media

Søknader 2017	
Tal på søknader	26
Tal på søknader som er tilrådd støtte	25
Samla søknadssum	7 583 913
Tilrådd til fordeling	1 720 000

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Vestlandet har alltid vore avhengig av samferdsle på sjøen. Eldre fartøy og båtar er difor ein viktig del av Hordalandshistoria. I dag er fylket sine flytande kulturminne ein svært viktig ressurs for kunnskap, oppleving og bruk. Fartøyvern er ein del av kulturminnevernet der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg stort fagleg og økonomisk ansvar. Det har i liten grad vore rammer for å utvikle ein sterk regional politikk for å støtte opp under desse kreftene, og øyremerkte midlar til vern av fartøy har vore på eit lågt nivå samanlikna med andre felt innan kulturminnevernet.

Nokre hovudtrekk peikar seg ut i søknadsmassen. Fleire tiltak er store istandsettingsprosjekt, der både omfanget av arbeidet og kostnadene gjer at prosjekta går over fleire år.

I tillegg til den fylkeskommunale ordninga løyver Riksantikvaren etter årvisse vedtak midlar direkte til fartøy i heile landet. Sjå vedlegg. Det er planar om å overføre delar/eller heile dette beløpet til fylkeskommunane, slik tilfelle er for statlege midlar til freda bygg og anlegg.

Oppfølging av tilskot og gjennomføring av tiltaka

Når løyving frå fylkeskommunen er gjort og tiltaket er godkjend (kva metodar og materialar som skal nyttast), kan arbeidet starta opp. Dersom ein søknad vert godkjend slik den ligg føre, kan arbeidet starte opp når tilskotet er gitt. Etter at tiltaka er gjennomførte vert fartøyet som regel synfare. Ved andre høve er dokumentasjonen som er gjort god nok til at tilskotet vert utbetalt. Stordelen av eigarane legg vekt på god dokumentasjon.

Spesielle omsyn i fartøyvernet

Medan istandsetjing av bygningar (faste kulturminne) i hovudsak skjer på staden, er vøling av større fartøy vesentleg meir komplisert. Ved utbetring og vedlikehald er verftstilgang eit knappheitsgode, både i høve tid for slippsetting, arbeidskapasitet og kompetanse. Dette har påverka innrettinga av offentlege støtteordningar. I bygningsvernet vert det sett krav om at tiltaket ikkje kan vere begynt på før løyvinga er gitt med mindre særskilte årsakar er til stades. I fartøyvernet er det derimot viktig å leggje til rette for at arbeidet kan gjerast når det er naudsynt, praktisk mogeleg og verfta har ledig kapasitet.

Fartøyvern er kostnadskevja. I motsetning til bygningsvernet er det som regel høge krav til inntening for å sikre fartøya sin økonomi. Dermed er det viktig for dei fleste større fartøy at ein raskt får dei i seglbar stand.

Hovuddregelen for offentlege tilskot i kulturminnevernet er at søknadene skal handsamast før tiltaket vert gjort. Likevel er Fylkesrådmannen si vurdering at omsynet til verftskapasitet og til driftsøkonomi gjer at fartøyverntiltak som er gjennomførte før tilskotshandsaminga ikkje bør diskvalifiserast. Etter nærare vurdering bør det vere høve til å søkje om å få dekkja tiltaka etter at dei er gjennomførte, men slike unntak bør grunngjevast.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fordeler tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy frå budsjettpost 400.650.04 slik:

Nr.	Kulturminne	Namn	Kostnad	Omsøkt	Tilskot
1	M/S AXEL	Odd Harald Turøy	650 000	400 000	50 000
2	M/Y TYSSO	Norsk Vasskraft- og industristadmuseum	334 725	30 000	20 000
3	M/S BJØRN-WEST	Opsangervågen Veteranbåtlag	688 750	550 000	60 000
4	M/K ASKELADDEN	Terje Lamo	1 300 000	1 000 000	Avslag
5	M/K VAARSOL	Opsangervågen Kystlag	500 000	238 853	50 000
6	M/S VESTGAR	Øygardsbåtane AS	264 200	84 200	50 000
7	M/K SJØGUTT	Terje Midtun	159 500	95 000	40 000
8	M/F SKÅNEVIK	Ferjelaget Skånevik	617 500	150 000	70 000
9	S/J MATHILDE	Hardanger og Voss museum	1 391 000	200 000	70 000
10	M/Y FAUN	Hardanger og Voss museum	228 590	80 000	30 000
11	M/K VIKINGEN	Hardanger og Voss museum	758 000	250 000	50 000

12	M/S SPOREN	Sporens rederier AS	1 450 000	400 000	50 000
13	M/F FOLGEFONN	Hardanger og Voss museum	1 442 600	100 000	80 000
14	D/S STORD I	Stiftelsen D/S STORD 1	1 080 000	1 080 000	480 000
15	M/S ATLØY	Veteranbåtlag Atløy	1 213 250	500 000	50 000
16	M/B MOT	Bergen Jæger og fiskeforening	500 000	150 000	40 000
17	T/B VULCANUS	Vulcanus Taubåtkompani	1 646 990	200 000	100 000
18	M/S TYSNES	Geir Røssland	300 000	120 000	100 000
19	D/S OSTER	Nordhordland Veteranbåtlag	683 800	170 000	50 000
20	M/Y FYK	Museumssenteret i Hordaland	1 435 860	135 860	40 000
21	M/S BJØRN	Bergen Kystkultursenter AS	130 000	50 000	30 000
22	M/S MARKOL V	Bergen Kystkultursenter AS	4 000 000	200 000	50 000
23	M/Y QUEST	Ståle Eikeland	750 000	100 000	50 000
24	M/S LETE	Halsnøy Historiske Senter	4 895 000	400 000	50 000
25	M/S GULØY	Halsnøy Historiske Senter	5 029 000	500 000	30 000
26	M/F DOKKEN	Laksevåg kulturhistoriske forening	4 500 000	400 000	30 000
				7 583 913	1 720 000

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev Utval for kultur, idrett og regional utvikling administrasjonen høve til å omfordele midlane til andre av dei omsøkte tiltaka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

- 1 Grunngeving for tilskot
- 2 Riksantikvaren sine tilskot til fartøy frå Hordaland

Fylkesrådmannen, 31.03.2017

Det vert vist til vedlegget med oversyn over søknadane og fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.